


Stadutviklingsplan for Sæbøtangen



INNLEIING


På 1900-talet utvikla Høyanger seg frå ei lita jodbruksbygd til eit moderne industri- amfunn tufta på vasskraft og produksjon av aluminium.

Landskapet er storslått og tettstaden ligg ved Sognefjorden mellom høge fjell. Fjella er tydeleg til stades, medan fjordflata ligg litt tilbaketrekt i bybiletet.

Høyanger er delt i to av Dalelv, der sentrumskjernen og industribygningane litt på vestsida, medan austsida er prega av Høyanger kyrkje, grøntstruktur og bustadar, men her er også mellom anna hotell, handel og båthamn.

Fyrste byplan til Høyanger vart teikna av Christian Fredrik Jacob von Munthe af Morgenstierne, sjå illustrasjon til høgre. Planen viser korleis tettstaden var tenkt på 1917-talet med tydelege aksar og småskala bustadstruktur tett på dei storskala industribygningane.

Figur til høgre: Den originale byplan til Morgenstierne og Eide frå mai 1917. (Hydro Høyanger)



Hovudmålsettinga for arbeidet er å utvikle Sæbøtangen til ein attraktiv bydel i Høyanger, samstundes som ein tar vare på staden sin identitet. Dette vil ein gjera med fokus på å stramme opp Elvegata /Strandgata, legge til rette for nye koplingar, opphaldsområde, nye bustadkompleks og gjera fjordkanten meir tilgjengeleg for ålmenta. Arbeidet strekker seg frå Marcus Thranes gate til båthamna.

Planen skal fremme tiltak som bidrar til at fleire menneske ønsker å busetja seg og besøke staden, skape plassar der folk ynskjer å stoppe opp, setje seg ned og oppleve dei nære omgjevnadane samt legge til rette for uformelle møter med andre.

Dersom ein skal lakkast med å lage gode stader, der aktiviteten heilt eller delvis er frivillig, må det fysiske miljøet ha høg kvalitet. Med høg kvalitet meiner vi ikkje berre høg kvalitet på materialbruken, men også at det er trygt, at det er rett skala og dimensjonar på stiar, plassar og utstyr, at ein får god beskyttelse mot vær og vind, at det er god arkitektur og elles innbydande.


Rapporten er tredelt. Den fyrste delen definerer overordna prinsipp og **råd** for utvikling på Sæbøtangen. I del to er området delt inn i seks **delområde**, med forslag til kva som bør gjerast i kvart av desse områda for å oppnå den ønska utviklinga. Den siste delen listar opp forslag til **tiltak** i prioritert rekkefylgje.

Dei seks delområda har fått namna: krysset, hotellet, tverraksen, oljekaien,

slippen og båthamna.

Dei ni råda for å systematisere utviklinga på Sæbøtangen er å:

- stramme opp Elvegata /Strandgata
- konsentrert og attraktiv bydel
- aktiv bustadpolitikk
- barn og unge i sentrum
- stadeigen arkitektur
- attraktive møteplassar
- aktivisere fjordkanten
- attraktive forbindelsar
- heilskapleg møblering og harmonisk vegetasjonsbruk



Rapporten er utarbeidd av Johanne Broch Hauge og Hilde Ruud, Asplan Viak AS Leikanger

Desember 2021, rev. 14. januar 2022.

1. NI RÅD FOR UTVIKLING AV SÆBØTANGEN

1.1 Stramme opp Elvegata /Strandgata


Elvegata og Strandgata ber preg av å vera ein veg meir enn ei gate. Ein veg er ei transportåre, i hovudsak utanfor tettstaden, medan ei gate er knytt til tettstadar og sentrum. Eit viktig grep blir difor å gjera transportåra om til ei gate, definere og stramme opp.

Ei gate har ei tydeleg avgrensa form, gjerne definert av fasadar, trerekker /gatetre og fortau. I ei gate skal den mjuke trafikanten sin plass vera tydeleg og prioritert. Det blir lagt inn fortau på begge sider med vis på kantstein mot køyrearealet. Køyrevegen er 5.5 meter brei frå krysset og ned til Øren hotell, vidare ned til slippen er gata 5 meter brei. Fortauet varierar i bredde.

Det er fokus på å aktivere rommet mellom bygg og fortauskant. Der fortau passerer inngangssone ved NAV-bygget, Øren hotell og tverraksen er det foreslått natursteinsdekke på fortau og heilt inn til bygget/oppaldsonrådet. Ved Øren hotell er det også lagt inn natursteinsdekke nedover langsida av hotellet for å legge til rette for ein gate-kafé, fortrinnsvis med ny utgang frå Øren hotell direkte mot Elvegata.

Eit kjenneteikn ved den levande tettstaden og det levande sentrumsområde er at det er bygningar ein kan handle ved, kantar ein kan sitte på, sitte ved, at det er vindauge ein kan sjå på ting i, at det er stader ein kan sjå inn og ut av, plassar ein kan samtale ved, gå til og frå, gå langs med, stå ved, halde pause ved, stå i døra til eller røre ved. Dette er element som må vera i fokus når ein skal stramme opp og transformere vegen til gate.

Ved etablering av fortau må ein sikre at kantstein er nedsenka i alle avkjørsler. Dersom kantparkering for bustader utgår må det etablerast anna parkeringsplass i nærleiken.




1.2 Konsentrert og attraktiv bydel

Utvikling av ein attraktiv bydel er ein målsetting i seg sjølv, men også eit viktig verkemiddel for å auke livskvalitet, for å nå bærekraftsmål, for auka attraksjonsverdi i næringslivssamanheng, for kunnskapsutvikling- og utveksling, og for å legge til rette for auka tilflytting på ein god måte. Ein attraktiv og velfungerande bydel krev ein større grad av tettleik, og ei fortetting på Sæbøtangen bør difor stå sentralt i utviklinga.

Gode stader må ha rett skala. Hus som står tett og ikkje er for høge vil gje rom mellom bygga som er gode å opphalde seg i. Der det er for store dimensjonar blir det vanskeleg å få småskalaen og den menneskelege skalaen til å fungere. Det er viktig for resultatet at tettstadutviklinga bidreg til at skalaen, bredda på rom og tverrsnittet i gater, høgde på fasadane som dannar rom og gater, samt skalaen på innhaldet er god og har menneskelege dimensjonar.

Eit godt sentrum å gå i er utforma i augnehøgde og med aktive fasadar. Det er mange mellomvariantar av fasadetypar, men ytterpunktta er aktiv versus innovativ fasade. Ein aktiv fasade inneheld dører, vindauge, trapper, kantar, mv. I motsetning er ein inaktiv fasade i hovudsak heilt utan innhald.



1.3 Aktiv bustadpolitikk

For å få vekst i eit område /tettstad /bydel er det naudsynt med varierte bustader for alle målgrupper: unge, eldre, einslege og familiær. Bustadane bør ha ulik typologi - leilegheiter, rekkehus, og einebustader.

Bustadprosjekt bør oppretthalde ein stadleg «småskala» dimensjon, samtidig som det vert fortettsa /bygd tettare. Bustadprosjekt bør også inkludere nokre senior-/plussbustader med tenestetilbod, og prosjekt som legg til rette for fellesløysingar og delingsøkonomi (ref. vindmøllebakken i Stavanger, Helen og Hard).

Bufellesskap etter modellen "Gaining by sharing", kan vera ein moglegeheit ved den gamle esso-stasjonen. Fellesareal som allrom med kjøkken, verkstad, bibliotek, vaskeri, gjesterom og uteareal. Ein god bustad gjennom heile livet.



1.4 Barn og unge i sentrum



«En god by for barn er en god by for alle». Fokus bør difor vera på ein barnevernleg stadutvikling. Vi foreslår å lage ei oppdagingsløype med skulpturar, vassarrangement og liknande samt legge betre til rette for ein badeplass ved båthamna med offentleg toalett.


For at folk skal ferdast og opphalde seg ein stad utanom naudsynte ærend, må det vera attraktive målpunkt. Målpunkta kan vera noko å oppleve, ein stad å vera eller noko å gjera. Skulpturparken blir ein del av desse målpunkta. Det bør vera mange målpunkt som ligg spreidd og som appellerer til ulike aldersgrupper, både sommar og vinter.

I tillegg til skulpturparken kan andre konkrete døme på målpunkt vera kaianlegg, båtaktivitet, gjestebrygge, leikeapparat, badstove, grill- /fleirbruks hus, treningsapparat, spinningsyklar, fleirfunksjonelle apparat, stadar å sitte, leike eller berre møtast.

På neste side er det vist døme på skulpturar som overraskingselement langs gata, til saman utgjer dei "skulpturgata". Innhaldet skal høve for alle aldrar, til alle årstider.

Elementa skal vera installasjonar som både gir noko spanande å sjå på, samstundes som det har fleire moglege funksjonar. Til dømes bør det gå an å leike på eller med kunstinstallasjonar, og det kan gjerne vera læring knytt til dei. Overvasshandtering kan også vera leikeapparat og kan vera med å utsmykke gata.





1.5 Stadeigen arkitektur

Vi bygger så likt over alt! Høyanger har ein unik arkitekturhistorie å spele på. Det bør satsast på arkitektur av høg kvalitet og med stadleg tilknyting i skala og utforming. Taket som femte fasade bør vektleggast meir: det bør byggast med anten skråtak og/eller grøne tak for opphald. Trefasadalar kan vera malte, og glas-fasader bør vera småskala. Kontor og næringsbygg kan vera i betong / teglstein, men bør vera av høg kvalitet.

Trevaren på Sæbøtangen bør ha trefasade, anten malt eller impregnert tre som blir grått. Det same gjeld for eventuelle nye naust i strandsona. På mindre bygg /lager /naust er tak foreslått av stein eller plannja.

Planen foreslår nye leiligheter ved essoen, gjerne også kombinasjonsbygg (nærings/bustad/servicefunksjoner). Høgder på bebyggelse innanfor området bør som eit utgangspunkt fylge landskapet, og trappe seg ned mot fjorden.

Generelt, i samband med fortetting, så bør moglegheiter for gjenbruk og transformasjon av eksisterande bygningar kartleggast.



1.6 Attraktive møteplassar

Romma mellom bygningane bør innebera attraktive og varierte plassrom med ulike kvalitetar, aktive fasadar på bakkeplan, og ein variasjon i skala og innhald. Belysning, møblering, dekke og aktivitetar bør bidra til å markere Elvegata som ei attraktiv gate, og skape hygge og aktivitet. Fokus bør vekk frå gata som ein veg (transportetappe), og over på eit samanhengande gangsystem som knyter saman viktige plassrom, bustadområde, funksjoner (handel, næring, service) og fjordkanten. I planen foreslår vi særleg tre viktige plassrom: «hotellet,” “tverraksen” og båthamna.

Uformelle møteplassar som er tilgjengelege for alle er ein viktig ingrediens for aktivitet i sentrum. I tillegg til attraktive plassar å sitte, stå og gå er det også viktig å ha områder for leik.

Korte avstandar og mange inntrykk er eit teikn på eit godt sentrum å gå i. Dette gjev gode rom og gode gater. Med mange inntrykk kan sjølv ein lang gåtur verke kort. Ein er villig til å gå lenger og med det opphalde seg lenger ute dersom det er mange inntrykk undervegs. Når fleire er lengre ute og det er mykje som skjer, vil det kunne oppstå fleire tilfeldige møter. Ei gate eller ein veg med få inntrykk vil, på den andre sida, få sjølv ein kort tur til å verke lang og trøyttande.



1.7 Aktivisere fjordkanten

Fjordkanten bør vera meir tilgjengeleg enn i dag.

På Sæbøtangen ligg det godt til rette for ein meir aktiv bruk av fjordkanten med kaier, ny bru, stiar og nye koplingar for betre ferdsel, slip, felles naust, badeplass med offentleg toalett, opphold og båthamn.



1.8 Attraktive forbindelsar

Det bør etablerast eit samanhengande gangvegsystem heilt ned til båthamna med nye koplingar og snarvegar knytt til fortaua og plassar slik at ein på den måten kan fremme gange og sykling, samt moglegheit for å gå rundturar med variasjon sett i lys av eit folkehelseperspektiv.

Som ein del av tilrettelegging for gange og sykkel ser vi at det manglar ein kopling over elva i elveosen. Her har det vore ei bru før som vart øydelagt i flaum. Austsida og vestsida treng ein ny sambindingsmøglegeheit. Brua er ein del av det vi har kalla tverrassen. Sti er tenkt vidare opp i terrenget frå Søbøtangen til Sæbøtjøra og til fjordkanten ned til badestranda ved båthamna. Samtidig foreslår vi ein turforbindelse langs elva frå ny bru /tverraksen til Øren hotell. Eit oppgradert grøntdrag langs elva har eit uutnytta potensial.

Langs forbindelsane er det viktig med benkar for pauser med jamne mellomrom slik at ein også får til eit godt universelt tilbod.

Det er behov for nokre nye koplingar, men det er også viktig å ruste opp eksisterande snarvegar som trappa frå Elvegata til Fr Nansensgate.



1.9 Heilskapleg møblering og harmonisk vegetsjonsbruk

Bygningar, utstyr, material og fargar bør i så stor grad som mogleg vera gjennomgåande. Dette er særleg viktig på offentlege bygg, plassar og gater. Ei heilskapleg utforming gjev harmoni og bind lokalsamfunnet saman.



På Sæbøtangen er det mykje nyttal malt stakitt som skilje mellom eigedommar og som avgrensing mot offentlege område. Vi foreslår å bygge vidare på dette.

Eit alternativ til malte treflater er kebony eller tilsvarande, dette er foreslått som ny kledning på trevaren og ev. på nye naust på "slippen."

Som kantstein langs fortau foreslår vi granitt med vis omlag 13 cm. På fortau er det i hovudsak asfalt, men der fortauet passerar NAV-bygget, hotellet og tverrasken har vi langt inn forslag om skifer eller anna fast dekke som ikkje er asfalt. Dekke vil med det vise at det skjer noko og inviterar til opphold.

Det vert foreslått å vidareføre same belysning som i sentrum.

Fargeskalaen på beplantinga bør vera begensa, gjerne med ulike grønfargar og innslag av rosa, blått og kvitnyansar. Tre er foreslått som blomstrande tre i starten av Elvegata for å binde denne sida av krysset med rosehagen på andre sida. Som gatetre elles er det foreslått lind. Buskar bør vera vintergrøne og gjerne nyttal som botndekke.



Møblar legg til rette for opphold og uformelle møte i det ofentlege rom. Utstyr og møblar er svært synlege element i gaterommet, heilskap er difor veldig viktig. Utforming må sikre både funksjonelle og estetiske kvalitetar, samstundes som dei understrekar staden sin identitet.

Det bør veljast møblar/møbelserie med store variasjonsmoglegheiter slik at dei same møblane kan nyttast til fleire ulike formål, situasjonar og plassar, då er det enklare å oppnå heilskap. Nokre stader ynskjer ein kanskje å spegle det industrielle ved Høyanger, medan det andre gonger er meir rett å spele på natur, fjord og fjell, men det er viktig at det visuelle uttrykket er ryddig og lett å forstå.

Benkar og sitjeplassar skal ha utføring i varige materiale, fortrinnsvis sitjeflater i treverk, tilpassa heilårs bruk.

Kebony, pulverlakkert rustfritt, RAL 7016 antrasitt grå og annan farge kan nyttast utvalde stader. Det bør leggjast vekt på kvalitetar som gir best mogleg drift og bærekraft, mellom anna ved å velje produsentar som garanterer reservedelar og har miljømerka produkt.



2. DELOMRÅDE


2.1 Delområde 1 - Krysset

Plante trerekke i grusbedet for å definere krysset og markere inngangen til gata på ein hyggeleg og inviterande måte. Trea vil også skape ei fin ramme for roseparken og området rundt NAV-bygget. Ved bruk av blømende tre vert koplinga til roseparken forsterka. Vegetasjonen under trea skal vera låge markdekkande planter for å sikre god sikt i krysset.

For å skilje køyre- og gåareal og markere inngangsområdet, skal det nyttast ulike dekke. Ved bruk av dekke med høg materialkvalitet, til dømes skifer, vil området opplevast som ein plass.

Natursteinsdekke frå bygget og ut til fortauskant vil knyte dei saman, samstundes vil endring i dekke gje eit signal om at det skjer noko. Slike skifte betrar lesbarheita av gateforløpet og sidearealet.

Det skal nyttast kantstein med vis omlag 13 cm, kant av naturstein. Kantstein er nedsenka i avkjørsler. Fortausbredde vil variere. Køyrevegen frå krysset og ned til hotellet er skissert med bredde 5.5 m. På grunn av svak kurve og bratt bakke er det viktig at to bilar kan møtast utan å måtte stoppe opp.



2.2 Delområde 2 - Hotellet

Planen legg opp til å lyssetje bruha på innsida, under gelender, og elles vask og rensk. Det er utdaterte skilt som bør fjernast og elles andre element som er gamle/slitte, td rekkverk. Det er foreslått å markere med eit eige dekke for å vise ganglinja frå bruha til fortauet. Dette for å skilje trafikken forbi hotellet og inngangspartiet. Skilje gangsona og parkeringsområdet med plantefelt. Skapar med dette eit tydeleg og tryggare trafikksystem der dei mjuke fotgjengarane tydeleg er prioriterte.


Markere inngang til hotellet. Definere inngang til pub. Gjera det tydeleg kva som er hovudinngang. Ta opp høgdeskilnad mellom fortau og inngang med trapp.

Stramme opp og markere fortauet. Bredde på fortau vil variere, og køyrevegen går frå 5.5 m til 5 meter. Fortauet går over i skiferlagt plass framfor hotellet. Det er foreslått ny utgang frå hotellet til uteservering /fortauskafé. Skifte i dekke vil gje signal om at noko skjer. Generelt gjera austsida av hotellet til ein aktiv og levande fasade. Leggje til rette for opphold mellom hotellet og fortauet, danne ein forhage ved hjelp av høg materialkvalitet på dekke, møblering og vegetasjon i ulike høgder som vil danne hyggelege oppholdssoner.

Det kan nyttast stakitt som skilje mellom uteområdet og fortauet. Stakitten må vera låg slik at området framleis framstår som inviterande og gjestmildt.

Samle gjesteparkering på sørsida. Unngå parkering langs vegen på austsida av hotellet. Definere innkjøring til parkeringsplassane. Avfallshandtering held fram som i dag og er ein del av trafikksystemet.

Frå hotellet er det skissert ein gangveg ned til burettslaget og tverraksen. Trapp nord for hotellet må stellast i stand.



2.3 Delområde 3 - Tverraksen

Knyte aust og vest saman med ei ny bru. Fortsetje aksen frå vest. Bruke lindetre, slik som på vestsida.

Viktig å ta vare på dei store hestekastanjetreña langs elva. Dei er med å gi området struktur og innramming, i tillegg til å vera ein historieforteljar. Benkar og ein plass for kvile ved brua. Gangveg til hotellet langs elvekanten.

Tydelegare og tryggare trafikksystem som gir fotgjengarane prioritet, men likevel gir bilen gode tilhøve til parkering. Tydeleg ganglinje frå bruha gjennom ESSO-området og vidare til terrenget.

Nye bustadar og aktivitetsflater på austsida av vegen på ESSO-området. Koplinga mellom bruha, ESSOEN, terrenget og aksen frå nord utgjer til saman ein plass. Der aust og vest, nord og sør møtest. I knutepunktet er det etablert ein plass med takoverbygg, ein plass å setja seg ned for kvile og gjerne leik.

Nytt bustadkompleks på tomta ved den gamle esso-stasjonen.

Stramme opp krysset sør for ungkarsbustaden.



2.4 Delområde 4 - Oljekaien



Svingen ved kaien slakast ut for å gi betre rom for utvikling på nedsida av vegen. Her kan svingen slakast ytterlegare ut om det er behov. Plass til å transformere kaiområdet med næringsbygg til bustad og offentleg tilgjengeleg uteområde og oppholdsareal.


Fortetting med einebustadar og bustadkompleks. Gangsti/ fjordsti som knytter blindveg i vest til den nye sjøfronten. Området kan vera ein naturleg stoppestad og lenkje mellom ulike gangtrasear/rundturar i sentrum. Ny bryggje på sørsva side av trevaren.

Parkeringsplass på nordsida av vegen, unngå blanding av oppdrag og biltrafikk. Ikke bruke sjøfrontareal til parkeringsflater. Området kan ev. utviklast til bustadkompleks med garasje i kjellar og takterrasse. Stramme opp arealet framfor byggevaren, definere fortau og parkering.

Fasaderehabilitering av trevaren, trekledning (malt eller ubehandla).

Parkeringsplass for eksisterande bustader må sikrast.

2.5 Delområde 5 - Slippen




Stort bygg som skal fungere som lager, i tillegg skal det vera eit mindre naust. Bygga må sjåast i samanheng med kvarandre og skal utgjere eit naustumiljø ved fjorden.

Området skal gi universell tilkomst til vassflata og gode moglegheiter for å setje ut kano og kajakk. Det skal også vera mogleg å leggje til med småbåt.

Arealet skal ha eit parkmessig preg, med vegetasjon, gras, benkar, bord, grill/utekjøken der ein mellom anna kan sløye fisk. Tilrettelagt med vatn og robuste materiale.

Innhaldet i området skal vera slik at det er attraktivt å opphalde seg der gjennom heile dagen, eller ein fin møteplass etter ein dag på fjorden. Sambruk mellom Slippen og parken.

2.6 Delområde 6 - Båthamna




Generell oppgradering og oppstramming av heile båthamna. Ny bølgebrytar og gjestehamn. Til gjestehamna er det vist ei trebrygge, amfi, gapahuk og platting for opphold. Nytt servicebygg som tilbygg til klubbhuset. Bruke belegningsstein rundt klubbhuset for å markere og forsterke opplevinga av å vera på ein opphaldsstad. Store steinar skal markere avslutning av snuplass. Det skal etablerast rampe frå flytebrygger til området framfor klubbhuset.

Utvike badestranda med til dømes amfi for opphold. Bruke høgdeskilnadar aktivt for å danne rom og moglegheiter for variert bruk. Det skal vera god variasjon i tilbod. Som del av badetilbodet er det skissert eit eit oppfylt grusa område framfor nausta med moglegheit for opphold, hopping og eventuelt stuping.

Det skal setjast opp bom slik at det ikkje er mogleg å køyre inn langs båthamna, anna enn for medlemmar som skal laste/losse (som har nøkkel). Ny asfalt på vegen, nytt fundament må vurderast. Rekkverk og lys.

Båthamna skal oppgraderast slik at standarden blir heva, at båthamna blir ei attraktiv hamn for båtfolket /tilreisande med båt, og generelt for at ålmenta skal få betre tilgang til fjorden.



3. TILTAKSLISTE

Tiltakslista er knytt opp til foreslalte tiltak og til enkeltelement innanfor planområdet som treng ei generell oppgradering. Lista er punktvis i tilrådd rekkefylge:

GENERELT

- retablere fortau med granittkantstein
- rense trapper
- stell av grøntanlegg,
- etablere koplingar, gangvegar og snarvegar
- sti frå slippen til Sæbøtjørna
- benkar langs gangvegar og koplingar
- lys på Øren bru og markere gangsone frå bru til fortau
- offentleg toalett ved båthamna
- stramme opp krysset sør for ungkarsbustaden, inkl grøntanlegg
- slake ut sving ved 'Oljekaien'
- etablere plass med takoverbygg for opphold i krysset ved tverraksen
- markere felt for mjuke trafikantar
- ny bru i elveosen

For dei enkelte delområda er det særleg desse tiltaka som er viktige:

KRYSSET

- plantet blomstrande tre
- etablere vintergrøn som botnvegetasjon

HOTELLET

- trapp og oppgradere inngangsparti
- skilje opphaldssone og parkering
- opne opp med ny utgang til Elvegata, etablere uteservering
- skiferdekke eller liknande framfor hotellet
- skilje opphald og parkering i sør

TVERREKSEN

- legge til rette for bustadbygging ved gamle essoen
- OLJEKAIEN
- etablere parkeringsplassar
- ruste opp kaien
- legge til rette for bustadbygging
- fasadeoppgradering av trevaren

SLIPPEN

- lagerbygg og naust
- slip
- rampe
- grøntanlegg
- opphaldsområde
- kai /brygge
- møblering

BÅTHAMNA

- bølgebrytar
- gjestebrygge
- bålpass
- offentleg toalett og servicebygg
- skiferdekke framfor klubhuset
- møblering
- vegetasjon
- steinamfi og stupebrett som forsterkar badeplassen som opphaldsområde





asplan viak